



---

## Referat frå styremøte 22.01.19 Kommunehuset i Valle

Tilstades: Torleif Homme, Svein Ekre, Ragnhild Bjåen, Hans Roar Moen, Svein Helge Nomeland, Gunnar Øynes  
I tillegg møtte Kurt Jerstad.

### Sak 1: Oppsummering/resultat etter jakta hausten 2018

Tilbakemelding etter jakta er at det er registrert lite dyr stort sett i heile villreinområde. I Tokke og nordre del av Valle vart det sett litt, men utover dette var det dårlig med dyr. Totalt vart det felt 61 dyr.

### Sak 2: Ny bestandsplan/avskytningsplan 2019

Opplegg for ny bestandsplan vart diskutert. Det var einigheit om å legge eks. bestandsplan som grunnlag og at bestandsmålet skulle vere å auke stamma opp til 1500 dyr.

Det var også einigheit om å videreføre avskytningsplanen for 2018 som avskytningsplan for 2019. Kortfordeling var diskutert ein del og med bakgrunn i noko låg bukkeandel frå siste strukturtejing, var det einigheit om å redusere simle/ungdyr andelen frå 25 % til 20% og auke kalveandelen opp til 45%.

Kurt Jerstad fekk i oppdrag å lage ny bestandsplan og avskytningsplan for 2019 med dei prinsipp som er nemnt ovanfor.

### Sak 3: Årsmøte 2019

Årsmøtet ble bestemt til måndag 01.04.19 i Valle

Torleif sender ut innkalling så snart utkast til bestandsplan/avskytningsplan er motteke.

Når det gjelder saker til årsmøtet er det ikkje andre saker enn dei «vanlege», men det er valg på styremedlemmer frå Bykle, Valle, Åmli og Fyresdal.

### Sak 4: Orienteringer:

- GPS – merkeprosjektet på Austheia (planlagt merking vinteren 2019)
- Heimesida til SAVL (Måtte opprettast på nytt etter «hacking»)
- Adaptiv løypeforvaltning i Bykle (prøveprosjekt starter vinteren 2019)

### Sak 4: Evt.

- Ingen saker under eventuelt.

Torleif Homme

Ref.